

TINGLYST

14 JUNI 2004

LEIGEKONTRAKT

GNR. 185, BNR 1 og 2, GNR. 183

SUNNHORDLAND TINGRETT
DAGBOKNR. 5915

Mellom

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

- heretter kalla utleigar

og

HELSE FONNA HF VALEN SJUKEHUS

- heretter kalla leigar



Doknr. 5915 Tinglyst 14 06 2004 Emb. 049
STATENS KARTVERK FAST EIENDOM

er i dag inngått avtale om leige av fem – 5 – fritidsbustader på grunn tilhøyrande
**HORDALAND FYLKESKOMMUNE – Valen og Handeland gard g.nr. 185, b.nr. 1 og 2 og
g.nr. 183, b.nr. 1 i Kvinnherad kommune - på følgjande vilkår:**



Rett kopi bekreftes

168

§ 1 LEIGEFORHOLDET SITT OMFANG

Omfatta av denne kontrakt er følgjande hytter i Kvinnherad kommune:

1. Ingeniørhytta, Valedalen (g.nr. 185, b.nr. 1)
2. Speidarhytta, Valedalen (g.nr. 185, b.nr. 1)
3. Olderbotn, Valelia (g.nr. 185, b.nr. 1)
4. Handelandshytta, Kuhaugdalen (g.nr. 183, b.nr. 1)
5. Svartatjødn Brakke, Kraftverket (g.nr. 185, b.nr. 2)

Leigeobjekta skal nyttast som fritidsbustad for tilsette og pasientar ved Valen sjukehus.

Leigeobjekta vert overtekne i den stand dei er på tidspunktet for underskrivinga av denne kontrakten.
Leigar kan ikkje påberope eventuelle feil eller manglar ved eigedommane.

§ 2 VEDERLAG

Som vederlag for leige av fritidsbustadane skal leigar syte for å halde bustadane vedlike i
kontraktperioden. Vedlikehaldsansvaret omfattar både indre og ytre vedlikehald. Leigar er også
ansvarleg for å dekkje eventuelle driftsutgifter i leigeperioden.

Eventuell skade som oppstår på eigedommane i leigeperioden er leigar pliktig å utbetre utan ugrunna
opphald.

Leigar har plikt til å halde jamleg tilsyn med bygningane for dermed å kunne oppfylle vedlikehalds- og utbedringsansvaret.

§ 3 LEIGETID

Denne avtalen gjeld så lenge det er sjukehusdrift ved Valen sjukehus. Avtalen fell automatisk bort frå det tidspunkt slik drift eventuelt opphøyrer.

Avtalen kan når som helst i avtaleperioden seiast opp av leigar.

§ 4 SÆRLEG OM "SVARTATJØDN BRAKKE"

Utleigar har rett til å seie opp leigekontrakten for "Svartatjødn brakke" sitt vedkommande før leigeperioden er utløpt dersom vidare kraftutbygging tilseier at denne bygningen må fjernast. Oppseiinga frå utleigar skal vere skriftleg, og leigar har plikt til å stille leigeobjekta til rådvelde for utleigar innan ein - 1 - månad etter at slik oppseiing er motteke.

Ved vedlikehaldsarbeid på kraftverket og/eller ved ny kraftutbygging skal utleigar ha rett til å nytte bygningen vederlagsfritt.

Utleigar godtar vidareføring av den etablerte ordninga med at Kvinnherad vidaregåande skole utfører vedlikehaldsarbeid på "Svartatjødn brakke" og etter særleg avtale disponerer hytta til turar og ekskursjonar.

§ 5 OVERDRAGING/PANTSETTING

Leigar har ikkje rett til å overdra denne kontrakten til annan person, selskap eller institusjon.

Leigar har ikkje høve til å pantsette denne kontrakten.



§ 6 TINGLYSING

Leigar skal ha høve til å tinglyse denne kontrakten. Kostnadene ved eventuell tinglysing skal staten dekke, jf. protokollen av 18.04.02 pkt. 1.9.

§ 7 YMSE

Leigar er erstatningsansvarleg for eventuelle tap for utleigar som følge av brot på leigar sine plikter etter denne kontrakt § 2.


Ved vesentleg brot på denne avtalen frå leigar si side, kan utleigar heve avtalen med øyeblikkeleg verknad.

Ved utløpet av leigetida, eller eventuell heving av kontrakten, pliktar leigar å straks levere samtlige nøklar til utleigar.

Leigar pliktar å sende inn årlege rapportar til utleigar om kva hytter som er i bruk.


Leigar har ikkje krav på vederlag frå utleigar for eventuell verdistigning på fritidsbustadane som følgje av leigar sin innsats.

Bergen 1/12-03
Stad Dato


For utleigar

Paul M. Nilsen
Fylkesrådmannen

Ålesund 11/11-03
Stad Dato


For leigar

Johannes Kolnes
Adm.dir. Helse Fonna




Organisering

Helse Fonna er organisert i fire klinikkar som går på tvers av institusjonane. Klinikkane er overbyggande for del tre somatiske sjukehusa i Haugesund, på Stord og i Odde, det psykiatriske sjukehuset i Valen og dei fire distriktpsykiatriske sentra (DPS) i Haugesund, på Karmøy, Stord og i Odde/Valen.

For ei oversikt over elningane under kvar klinikk, klikk på Avdelingar i menyen til venstre.

I tillegg har ein tre organisasjonsområde som dekkjer HR, økonomi og internservice.



Vernetenesta

Les om vernetenesta i Helse Fonna

Leiinga

Sjå kven som sit i leiargruppa i Helse Fonna

Sjukehus og DPS

Haugesund sjukehus

Stord sjukehus

Odde sjukehus

Valen sjukehus

Haugaland DPS

Karmøy DPS

Stord DPS

Følgefonn DPS

Helse Fonna

Fra Wikipedia, den frie encyklopedi

Helse Fonna administrerer sykehus og institusjoner i Haugaland, Sunnhordland og deler av Hardanger. Helse Fonna er ett av fem lokale helseforetak underlagt Helse Vest. Foretaket har over 4 000 ansatte.

Sykehus og institusjoner

- Haugesund sykehus
- Stord sykehus
- Odda sykehus
- Valen sykehus
- Haugaland DPS
- Karmøy DPS
- Følgefonn DPS
- Avdeling Sauda
- Stord DPS

Helse Fonna HF	
Type	Helseforetak
Org.nummer	(http://w2.brreg.no/enhet/sok/detalj.jsp?orgnr=983+974+694)[1] 983 974 694 ^[1]
Hovedkontor	Haugesund
Adm. dir.	Olav Klausen (konst.) ^[2]
Tjenester	Spesialisthelsetjenester
Ansatte	3 200 ^[3]
Undergrupper	4 klinikker ^[4]
Eier	Helse Vest RHF
Nettside	helse-fonna.no (http://www.helse-fonna.no/)

Referanser

- ↑ Nøkkelopplysninger fra Enhetsregisteret (<http://w2.brreg.no/enhet/sok/detalj.jsp?orgnr=983974694>)
- ↑ Helse Fonna HF's ledelse (<http://helse-fonna.no/omoss/organisering/Sider/leiinga.aspx>)
- ↑ Om Helse Fonna HF (<http://helse-fonna.no/omoss/omhelseforetaket/Sider/side.aspx>)
- ↑ Helseforetakets organisering (<http://helse-fonna.no/omoss/organisering/Sider/side.aspx>)

Eksterne lenker

- Helse Fonna (<http://www.helse-vest.no/sw1161.asp>)

Hentet fra «http://no.wikipedia.org/w/index.php?title=Helse_Fonna&oldid=12103615»

Kategorier: Helseforetak | Helse- og sosialtjenester i Hordaland

| Helse- og sosialtjenester i Rogaland | Helse Vest

- Denne siden ble sist endret 4. apr. 2013 kl. 18:47.
- Innholdet er tilgjengelig under Creative Commons-lisensen Navngivelse-Del på samme vilkår, men ytterligere betingelser kan gjelde. Se bruksvilkårene for detaljer.



Brønnøysundregistrene

Nøkkelopplysninger fra Enhetsregisteret

Organisasjonsnummer:	983 974 694
Navn/foretaksnavn:	HELSE FONNA HF
Organisasjonsform:	Annet foretak iflg. særskilt lov
Forretningsadresse:	Karmsundsgaten 120 5528 HAUGESUND
Kommune:	HAUGESUND
Postadresse:	Postboks 2170 5504 HAUGESUND
Internettadresse:	www.helse-fonna.no
Registrert i Enhetsregisteret:	20.12.2001
Stiftelsesdato:	05.12.2001
Daglig leder/ adm.direktør:	Olav Godtfred Klausen
Vedtektsfestet formål:	Helse Fonna HF skal drives med sikte på å yte gode og likeverdige spesialisthelsetjenester til alle som trenger det når de trenger det, uavhengig av alder, kjønn, bosted, økonomi og etnisk bakgrunn, samt å legge til rette for forskning og undervisning. Helse Fonna HF skal bidra til at spesialisthelsetjenestens målsetting blir oppfylt innen Helse Vest RHF sitt område.
Virksomhet/art/bransje:	Sykehusverksemd, somatisk og psykiatrisk.
Næringskode(r):	86.101 Alminnelige somatiske sykehus
Sektorkode:	6100 Statsforvaltningen
Særlige opplysninger:	Registrert i Foretaksregisteret Registrert i Merverdiavgiftsregisteret Registrert i NAV Aa-registeret Sist innsendte årsregnskap 2013
Styre:	
Styrets leder:	Kjell Arvid Svendsen
Nestleder:	Brian David Bjordal
Styremedlem:	Hilde Brit Christiansen

Gunnar William Birkeland
Liv Kari Eskeland
Solfrid Borge
Tove Martha Hovda Callaghan
Pål Osjord Midbøe
Helge Espelid
Nina Budal

Varamedlem:

Laura Lill Haavik
Kjetil Andre Våge
Jorge Enrique Morales Del Pino
Kristi Litlabø Bunes
Bjørn Gunnar Nedrebø

Signatur:

Styreleiar åleine.

Prokura:

Dagleg leiar åleine.

Revisor:

Godkjent revisjonsselskap
Organisasjonsnummer 976 389 387
ERNST & YOUNG AS
Dronning Eufemias gate 6
0191 OSLO

Underenhet(er):

[Oversikt over registrerte underenheter](#)

Nytt søk

Flere opplysninger om enheten:

Opplysningene over er bare et utvalg av de opplysningene Brønnøysundregistrene har om enheten du har søkt på. Ytterligere opplysninger er tilgjengelige både på nett og papir.

- [Utskrifter og attester](#) - elektronisk bestillingsløsning.
- [Kunngjøringer](#) - oversikt over kunngjøringer fra Brønnøysundregistrene. (Ikke gebyr)
- [Oppgaveplikter](#) - oversikt over enhetens oppgaveplikter. (Ikke gebyr)
- [Foretaksopplysninger](#) - Foretaksopplysninger - gjennom European Business Register (EBR) får du utfyllende foretaksopplysninger om enheter som er registrert i Foretaksregisteret. Noter organisasjonsnummeret - det må du oppgi ved søk i EBR-tjenesten. (Gebyr)
- [Vedlegg til årsregnskap](#) - her kan du laste ned følgeskrivet *Vedlegg til årsregnskap* i pdf-format. (Ikke gebyr)
- [Frivillighetsregisteret](#) - opplysninger i Frivillighetsregisteret.

ERKLÆRING OM SLETNING

Leigekontrakt tinglyst den 14.06.2004 med dokumentnr. 5915
skal slettast på gnr. 185 bnr. 221 og gnr. 185 bnr. 222 i Kvinnherad kommune.
Rettsnavar er HELSE FONNA HF Valen sjukehus.

Gnr. 185 bnr. 221 og gnr. 185 bnr. 222 er frådelt gnr. 185 bnr. 2.
Leigekontrakten skal fortsatt vere tinglyst på gnr. 185 bnr. 2.

Haugesund, den

17.09.14



HELSE FONNA HF, org.nr. 983 974 694

v/Olav Klausen

adm. direktør